

## Til Alver kommune. Plan-og byggesaksavdlinga.

Gjeld merknad frå nabo for sendt nabovarsel om dispensasjon m.m. for oppføring av støttemur og reguleringsendring for gnr. 318 bnr. 34 . syner til innsend søknad datert 15.09.22.

Alle aktuelle naboar fekk nabovarsel i samband med denne søknaden.

Ein av naboane. Eigar av gnr. 318 bnr. 36 har sendt nabomerknad både når det gjeld dispensasjon for oppføring av støttemur og reguleringsendring. Sjå vedlegg.

Merknad til eigar av bnr. 36 sine merknader til tiltaka.

**Til reguleringsendringa.**Eigar av gnr. 318 bnr. 36 opplyser at han har fått dispensasjon frå reguleringsplanen slik at han ikkje lenger treng å nytte den felles tilkomstvegen for bnr. 36 og bnr. 35 som er fastsett i reguleringsplanen. Han syner på vedlagde kart i sin nabomerknad kvar han har fått løyve til tilkomst for sin eigedom bnr. 36 og tilsvarande for eigedomen bnr. 35. Dersom dette er korrekt, noko som ein ikkje tvilar på, har kommunen gitt ein dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for tilkomst. Denne gitte dispensasjonen har som konsekvens at den innregulerte felles tilkomstveg for bnr. 35 og 36, som går over bnr. 34, ikkje vil bli nytta og derfor heller ikkje bygd. Einaste årsaka til at denne vegen (Fellesveg FA 4) i reguleringsplanen er innregulert er at denne vegen berre skal nyttast til tilkomst for bnr. 35 og 36. Dette står i reguleringsvedtektene i reguleringsplan for Solhaug gnr. 18 mfl. prg. 6.1.5. Sidan kommunen nå har gitt dispensasjon for bnr. 36 og bnr. 35 til ikkje å nytte denne regulerte tilkomsten, må **kommunen sjølv** syte for at denne regulerte vegen vert tatt bort frå reguleringskartet slik at han ikkje lenger vert noko hefte på bnr. 34 sin eigedom.

**Til dispensasjonsøknad for alt bygd støttemur.**Eigar av bnr. 35, som grensar til halve lengda av denne støttemuren, har ingen merknad til denne. Eigar av bnr. 36 grensar og til halve muren har merknad til sjølve søknaden . Han meiner at muren einskilde stader er høgare enn oppgitte 80 cm og at fyllingshøgda samla sett kan vera opptil 1,9 m og at samla planeringsareal ligg mellom 100-150 kvm. Han oppgir ingen grunnar til at denne muren og planeringa er til ulempe for utnytting eller bruk av sin eigedom bnr. 36. Det som kommunen bør vurdere her er om kommunen ville gitt dispensasjon dersom det vert søkt om slik dispensasjon før muren vart bygd. I tillegg må kommunen objektivt vurdere om denne muren og planeringa er til ulempe eller hinder for utnytting og bruk av bnr. 36. Dersom kommunen finn at muren ikkje er til ulempe og at dispensasjon og løyve til bygging av muren ville blitt gitt dersom tiltaket hadde vore omsøkt før det vart bygd , bør kommunen og i ettertid av oppført tiltak kunne gi tilsvarande løyve.

Sidan eigar av bnr. 36 i sin merknad til saka, opplyser at regulert tilkomst ikkje vil bli nytta og han ikkje objektivt kan påvise at oppført støttemur og planering er til noko ulempe eller hinder for hans bruk av eigedomen, bør ikkje merknadene frå eigar av bnr.. 36 leggjast særleg vekt ved kommunen si handsaming av saka.

Frekhaug 04.10.22.

For Thor Magne Strand V/Jens H. N. Bjordal ansv. Søkjar.